



BARNEOMBODET

Nasjonalt råd for lærerutdanning - NRLU

Dykkar ref:

Vår ref:
17/00879-2

Saksbehandlar:
Kjersti Botnan Larsen

Dato:
15. september 2017

Høyringsfråsegn - Nasjonale retningslinjer for lektorutdanning for trinn 8-13

1. Innleiing

Barneombudet takkar for moglegheita til å gje ei høyringsfråsegn om nasjonale retningslinjer for lektorutdanning for trinn 8-13. Vi meiner at innhaldet i lærarutdanningane er viktig for at barn og unge skal få likeverdige opplæringstilbod. Det er difor viktig at retningslinjene er tydeleg knytt til barnekonvensjonen og opplæringslova med forskrifter, mellom anna læreplanverket. Under gir vi våre innspel til retningslinjene.

2. Kort samandrag av innspela frå Barneombudet

Barneombudet er positiv til at forskrifta om lektorutdanning blir presisert gjennom nasjonale retningslinjer. Desse retningslinjene kan bidra til at dei ulike utdanningsstadene gir opplæring i samsvar med felles nasjonale føringar. Samtidig etterlyser vi at retningslinjene i større grad er forankra i regelverket. Lærarutdanningane er viktige for å utdanne gode lærarar som sørgjer for at rettane til elevane blir oppfylt. Skolen er ei verksemd som er sterkt regelstyrt, og då må også lærarane ha kompetanse om reglane som gjeld, og kjenne til konsekvensane for praksisen til den einkilde og skolen.

Vi tilrår at det blir gjort følgjande endringar i retningslinjene:

- Menneskerettane, og særleg barnekonvensjonen, bør omtalast som eit gjennomgåande og tverrfagleg tema.
- Regelverkskompetanse bør vere eit gjennomgåande og tverrfagleg tema – det er ikkje nok at dette berre er knytt til pedagogikkdelen i profesjonsfaget.
- Forventningar om at studenten skal ha kompetanse til å følgje opp barn og unge i vanskelege situasjonar må løftast tydelegare frem i retningslinjene.
- Retningslinjene bør blir betre forankra i gjeldande regelverk: omtalen er no dels mangelfull, og nokre stadar er omgrepsbruk og omtale ikkje riktig.
- Pedagogikk må vere ein tydeleg og prioritert del av profesjonsfaget.

3. Vårt mandat

Barneombudet skal i følgje lov og instruks arbeide for at behova, rettane og interessa til barn blir teke tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombudet skal særleg følgje med på at lovgiving til vern om interessene til barn blir følgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter barnekonvensjonen. Ombudet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken til barn, med meir. Mandatet til ombudet er avgrensa til å gjelde barn under 18 år.

4. Tema som bør få ein meir utfyllande omtale

Barneombodet er positive til at det blir utarbeida nasjonale retningslinjer for lektorutdanninga. Å gi kvalitetsstandardar for god lærarutdanning som forpliktar utdanningsinstitusjonane, kan bidra til større likskap. Dette kan òg gjere det tydelegare kva det blir forventa at studentane skal lære og krav til dei som skal undervise.

Barneombodet er opptatt av at lærarar skal ha høg fagleg kompetanse. Ein del av denne kompetansen er kjennskap til regelverket som styrer skolen, og konsekvensane for praksisen til skolen. Vi foreslår ein del tillegg i dei nasjonale retningslinjene for å styrke dette, og for å styrke kompetanse om korleis skolen kan fange opp elevar som har behov for meir støtte og hjelp for å få et tilfredsstillande læringsutbytte.

4.1. *Barnekonvensjonen må gjennomsyre opplæringa*

Menneskerettane er omtalt under globalt medborgarskap og det fleirkulturelle samfunnet. Slik Barneombodet ser det, er menneskerettane eit meir gjennomgripande tema enn omtalen til NRLU gjer inntrykk av. Menneskerettane, og barnekonvensjonen særskild, er ein viktig del samfunnet vårt. Dei har betydning for alle elevar og heile verksemda til skolen.

Vi har merka oss at barnekonvensjonen ikkje er nemnd i forskrifta om rammeplan for lektorutdanning trinn 8-13, eller i forslaget til nasjonale retningslinjer, men at både opplæringslova og læreplanverket er nemnd. Vi håpar at dette er ein inkurie som vil bli retta på ved at retningslinjene omtalar barnekonvensjonen. Konvensjonen gjeld som norsk lov og har stor betydning for alle som jobbar med barn og unge. Om det ikkje er samsvar mellom opplæringslova og barnekonvensjonen, er det barnekonvensjonen som har forrang.

Barnekonvensjonen gjeld for alle norske skolar. Skolen skal både sikre at rettane til barn blir oppfylte, og at barn lærer om konvensjonen. Barnekonvensjonen er viktig fordi den anerkjenner at barn har rettar, og krev at vi har eit barneperspektiv. Skolane har som offentlege verksemder eit ansvar for å sikre at rettane og pliktane blir oppfylte. Barnekonvensjonen har òg innverknad på praksisen til læraren, til dømes ved at omsynet til eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn (artikkel 3), og at barn skal høyrast om saker som vedkjem dei (artikkel 12). Retten til å bli høyrd gjeld både for einskilde barn i konkrete saker, og på gruppenivå. Elevane skal ha moglegheit til å medverke.

I fagrapporten frå Barneombodet, «Uten mål og mening?», er eit av funna våre at lærarane ikkje har god nok kompetanse om barnekonvensjonen til å kunne oppfylle rettane til elevane.¹ Ei av våre tilrådingar er derfor at kunnskap om barnekonvensjonen må inn i lærarutdanningane.

Kor viktige menneskerettane, og særleg barnekonvensjonen er, blei understreka av Kunnskapsdepartementet i den nye overordna delen av læreplanverket for grunnopplæringa, som blei fastsett 1. september 2017. Her uttalar departementet blant anna at «*Barnekonvensjonen er en del av menneskerettighetene og gir barn og unge et særlig vern. Opplæringen må være i samsvar med menneskerettighetene, samtidig som elevene skal tilegne seg kunnskap om menneskerettighetene.*»². Vidare er det også fastsett at «*Elevens beste skal alltid være et grunnleggende hensyn*»³. Når menneskerettane er så tydeleg omtala i den overordna delen, må dette også få konsekvensar for alle lærarutdanningane.

¹ Barneombodet (2017) Uten mål og mening? Elever med rett til spesialundervisning. Barneombudets fagrapport 2017. Oslo.

² Kunnskapsdepartementet (2017) Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæring. Side 5.

³Ibid s. 5

Vi forslår at menneskerettane og barnekonvensjonen bør omtalast som eit gjennomgåande og tverrfagleg tema i retningslinjene. Studentane må sjølv kjenne barnekonvensjonen, dei må ha kompetanse om innhaldet i konvensjonen, slik at deira praksis sikrar at rettane til barn blir oppfylte, og dei må kunne undervise elevane om det.

4.2. Styrka omtale av regelverket

Alle elevar har ein lovfesta rett til eit likeverdig opplæringstilbod i et trygt og godt skolemiljø. Opplæringslova med forskrifter regulerer rettane og pliktene til elevane, og pliktene til skoleeigaren, skolen og den einskilde tilsette. Det er mellom anna fastsett detaljerte krav til innhaldet i opplæringa, organiseringa, spesialundervisninga, vurdering og skolemiljøet til eleven. Barneombodet meiner at ein profesjonell lærar må ha god kunnskap om reglane som gjeld for skolen, og ha kompetanse til å bruke reglane. Om lærarane ikkje har god nok kompetanse om regelverket, kan dette svekke rettstryggleiken til elevane. Det er alvorleg.

Utfordringar knytt til at rettstryggleiken til elevane er svekka fordi regelverkskompetansen i skolen er lav og lovforståinga mangelfull, er løfta fram av fleira. Dette er eit funn både i vår rapport «Utan mål og mening» og i NOU 2015:2 «Å høre til» i kapittel 15. Møller og Jakhelln peikar i oppsummeringa av forskingsprosjektet «Legal Standards and Professional Judgement in Educational Judgement» (LEXEL) mellom anna på at «Istedenfor å argumentere for færre regulerende lover for skolen, bør vi kanskje heller argumentere for at skolen trenger å stryke sin rettslige kompetanse.»⁴

I forslaget til retningslinjer er lovverk nemnt sporadisk. Slik vi ser det, blir dette ei for fragmentert tilnærming til regelverket. Kompetanse om regelverket er nødvendig for å kunne være lærar i dag, og regelverket bør difor bli løfta fram meir heilskapleg. No er det i hovudsak omtalt i einskilde omtalar av læringsutbytte. Vi meiner at regelverksforståing bør vere eit gjennomgåande og tverrfaglege tema i lektorutdanninga. Sjå også innspelet frå Barneombodet under til omtalen av tilpassa opplæring i punkt 5.3 under.

4.3. Barn og unge i vanskelege situasjonar

I vår fagrapport «Utan mål og mening?» er vi bekymra for om elevar med rett til spesialundervisning får eit forsvarleg og likeverdig opplæringstilbod. Her trekkjer vi fram at mange elevar som mottar spesialundervisning opplever manglande forventningar, dårleg kvalitet på undervisninga og lærarar utan nødvendig kompetanse. Dette går ut over deira moglegheiter for vidare utdanningsval, framtidig arbeid og psykiske helse.⁵

Vi er opptekne av at lærarstudentane får tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp elevane, og gje dei eit forsvarleg opplæringstilbod. Her er det avgjerande at studentane lærer å fange opp om ein eller fleire elevar har behov for spesialundervisning, eller om behova til eleven kan hjelpast ved anna tilrettelegging av undervisninga. Vi ber dykk sjå nærmare på om det er tydeleg nok formulert i retningslinjene kva som blir forventa av ein lærar for å fange opp at ein elev har behov for anna tilrettelegging enn den ordinære opplæringa i faget.

5. Forslag til endringar i omtalen av gjennomgåande og tverrfaglege tema

Vi har også nokre forslag til endringar i omtalen av dei gjennomgåande og tverrfaglege temaa. Dei fleste av disse temaa er tydeleg forankra i regelverket, og då bør omtalen harmoniserast betre med regelverket.

⁴ Jakhelln, Henning og Møller, Jorun. (2016) Retten i skolen – styring og sikring. I: Møller, Jorunn og Andenæs, Kristian (red.) Retten i skolen – mellom pedagogikk, juss og politikk. Universitetsforlaget: Oslo. Side 38.

⁵ Barneombodet (2017) Uten mål og mening? Elever med rett til spesialundervisning. Barneombudets fagrapport 2017. Oslo.

5.1. «Samiske forhold og samiske elevers rettigheter» (punkt 6.1.1)

Vi foreslår at de her viser til reglane som har betydning for rettane til samiske elevar. Her bør de vise til Grunnlova § 108, barnekonvensjonen art. 30, ILO-konvensjonen om rettane til urfolk og opplæringslova med forskrifter.

5.2. «Psykososialt læringsmiljø» (punkt 6.1.2)

Barneombodet er einige i at «læringsmiljøet» blir løfta frem som eit slikt tema, men vi foreslår nokre endringar i omtalane. Skolemiljøet til elevane bør omtalast på ein måte som ligg nærare omtalen i opplæringslova. Skolemiljø er omgrepet som blir nytta i opplæringslova, og som pliktane til skolen er knytt til. Vi foreslår difor å endre omgrepet til «Skolemiljøet til elevane».

I omtalen om temaet bør det òg gå fram at studentane skal kjenne til rettane og pliktene i opplæringslova kapittel 9A. Alle tilsette har eit individuelt ansvar for å følgje med, stoppe mobbing og andre krenkingar, og varsle rektor om dei har mistanke eller kjennskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Lærarutdanninga er ein viktig arena for å gi studenten oppdatert kunnskap om krav i regelverket, og kompetanse til å forebygge og handsame saker. Dette må gå fram av omtalane.

5.3. «Tilpasset opplæring» (punkt 6.1.3)

Her er omtalen av tilpassa opplæring ikkje i samsvar med opplæringslova. Dette bør de endre. Tilpassa opplæring er i dag ein plikt skolen har, ikkje er ein rett eleven har, jf. opplæringslova § 1-3. Vurderingsforskrifta er ikkje ei sjølvstendig kjelde her, men understrekar det som følgjer av opplæringslova. Vi syner òg til at tilpassa opplæring er omtalt i ny «Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen».

I omtalen av tilpassa opplæring ber vi dykk å vurdere om det kan være aktuelt med ein kort omtale av forholdet til spesialundervisning. I nokre tilfelle vil det ikkje være mogleg å gje eleven eit tilfredsstillande utbytte gjennom å tilpasse den ordinære opplæringa. Læraren må då ha kompetanse til å vurdere om eleven har behov for spesialundervisning, eller om det er mogleg å gjere endringar i den opplæringa, slik at eleven på denne måten likevel kan få eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Læraren må i tillegg til god fagkompetanse ha kunnskap om reglar som seier noko om handlingsrommet innanfor den ordinære opplæringa, og reglane om spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5. Dette bør vere tydeleg.

6. Pedagogikk må være ein tydeleg og prioritert del av lektorutdanninga

Det er viktig at studiepoenga i pedagogikk blir nytta til å styrkje den allmennpedagogiske kompetansen til studentane. Vi støttar difor at det er laga ein eigen omtale av dette i retningslinjene. Her bør føringane knytt til profesjonsfaget vere tydelege på at studiepoenga i pedagogikk ikkje skal avkortast for å få plass til meir fagdidaktikk. Ein god lærarar treng ein solid pedagogisk kompetanse i tillegg til kompetanse i dei einskilde faga og fagdidaktikk. Barneombodet støttar difor at pedagogikk i profesjonsfaget og mål for læringsutbyttet i pedagogikk er særskilt omtalt.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Kjersti Botnan Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.